



## GODT SAGT:

Kunnskap drep frykt  
Ralph W. Emerson

## NAMNEDAG

Tysdag 28. februar:  
Marina, Maren  
(Skotårsdagen  
29. februar er  
ikkje namnedag)

## VÛR OG VIND

Tysdag: Vestleg frisk bris. Om føremiddagen stort sett opphaldsver, men elles regn, yr og lokal skodde.  
Onsdag: Sørvestleg bris. Regn og regnbyer. Uendra temperatur.

## STINA I STØÆ:

I Meland vil dei styra seg sjølve.  
– Men må dei ikkje verta myndige først?

# 50.000 til Amerikafeber

NOROM  
BRUNÆ



**KJENDE:** Folk vil nok kjenna att mange av aktørane frå den gong «Amerikafeber» vart framført på Sletta i 2002.

**RADØY:** Vestnorsk utvandringssenter på Sletta har fått tilsegn om 50.000 kroner i tilskot til å framføra sogespelet «Amerikafeber» på Sletta til sommaren.

viser og at ikkje alle var glade for amerikafeber.

### Jubileum

Til sommaren kan Vestnorsk utvandringssenter markera 15-årsjubileet sitt, og det er i den samanhengen sogespelet skal framførast. Og dei er ute etter folk som har lyst å vera med og spela i stykket.

– Har du lyst å vera med, så

berre meld deg på alt no, skriv avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland i ei pressemelding.

Det er bruk for både små og store aktørar, men og frivillige som vil hjelpa til med arrangementet, og det er planlagt fleire framsyningar.

### Nytt liv

Sogespelet vart første gong framført på Sletta i 2002, då op-

ninga av Kystsogevøkene var lagt til Radøy. I strålende sol hadde mange tilskodarar møtt fram, og det var kjende aktørar i fleire av rollane.

– Eit sogespel kan gje nytt liv til emigrantlandsbyen og trekkja nye folk til senteret, meiner Ida Dyrkorn Heierland.



Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

Det er Norsk teaterråd som gjev tilskotet.

«Amerikafeber» er skriva av Johannes Heggland frå Tysnes. Det var han som også skriva manus til Håkonarspelet.

Stykket handlar om ei bygd på Vestlandet på 1800-talet, der fleire bestemmer seg for å utvandra til Amerika. Men det

## PONDUS



## Kva film såg du sist?



### Veronika Hjelmtveit

– «Spirit». Det er ein animasjonsfilm som eg likte veldig godt då eg var lita, så det var veldig kjekt å sjå den igjen.



### Kristina Kvalheim

– Eg såg litt av «I Am Number Four» på fredag, men ingen følgde med så me slo av.



### Hanne Rosslund

– «Charlie St. Cloud». Det var ein veldig skjønn film med Zac Efron.



### Frida Eriksen

– Eg såg «American Pie», som eg har sett så mange gonger at eg nesten kan den utanåt.

**Strilen**  
Vakttelefon  
**97 15 10 20**